# DET NORSKE TEATRET

PROGRAM
MARS–MAI 2015

# VELKOMMEN I TEATERET

OG FØLG OSS PÅ
facebook.com/detnorsketeatret
Twitter: @detnorsketeatre
Instagram: detnorsketeatret

## DET NORSKE TEATRET

Kristian IVs gate 8, 0164 Oslo
www.detnorsketeatret.no

# PROGRAM

## HOVUDSCENEN

KALVØ
BRAND
SWEENEY TODD
ABRAHAMS BARN
SHOCKHEADED PETER
MOR COURAGE OG BARNA HENNAR

## SCENE 2

HAMLET
FUGLETRIBUNALET
RYTMAR FRÅ VERDSROMMET
I EINSEMDA PÅ BOMULLSMARKENE

## SCENE 3

BU BETRE
HAUGTUSSA
FRÅ LANDEVEGEN
72 PROSENT NORMAL
VI SOM FØLER ANNLEIS
LUCKY HAPPINESS GOLDEN EXPRESS
DET MERKELEGE SOM HENDE MED HUNDEN DEN NATTA

For speleplan og informasjon om
**Lunsj & Lyrikk**, **Bikubekveld** og **EventyrFortelјeTeaterStund**: sjå detnorsketeatret.no

Stort tenkt og suverent gjennomført» «...har oss i sin hule hånd fra første øyeblikk til siste slutt» VÅRT LAND

«Krigens ukontrollerbare kynisme settes under et skarpt, grelt lys»
DAGBLADET



# MOR COURAGE OG BARNA HENNAR

Av Bertolt Brecht. Omsetjing: Arnljot Eggen. Regi: Lars-Ole Walburg.

## KRIG, PENGAR OG BLACK METAL!

Kva moralske dommar kan vi felle over ei mor som berre vil halde liv i seg og barna sine?

Ane Dahl Torp gjer nok ei stor Brechtrolle, denne gongen Mor Courage. Tøff i trynet, rastlaus, hysterisk og redd – og med black metal som musikalsk reisefølgje.

Med: Ane Dahl Torp, Eivin Nilsen Salthe, Therese Slob, Joachim Rafaelsen, Oddgeir Thune, Pål Christian Eggen og Kaia Varjord.

**SPELEPLAN:** Mars, april og mai. Sjå detnorsketeatret.no for datoar

**BILLETTAR:** Ord. kr 420/320 | ungdomskort kr 100 | rabattar

**INNSIKT:** 6., 12. og 14/3




Musikk og songtekstar: Stephen Sondheim. Manus: Hugh Wheeler.
Omsetjing: Ragnar Hovland. Regi: Erik Ulfsby.

# VÅRENS MUSIKAL!

Teatersjef Erik Ulfsby gyv laus på nok ei burlesk og uhyggeleg historie. No er det ikkje små uskikkelege barn som skal til pers, som i Shockheaded Peter, men ein slesk dommar, og alle som står i vegen for den hemngjerrige Sweeney Todd.

I lag med kompanjongen Mrs. Lovett opnar han ei uhyggeleg blanding av barbersjappe og pai-restaurant. Todd blir etter kvart ein respektert barberar, og ingen spør kor kundane hans blir av – men som det heiter i sluttsongen i 1. akt: Alle blir servert. Og paiane til Mrs. Lovett blir umåteleg populære…

Med: Frank Kjosås, Charlotte Frogner, Silya Nymoen, Heidi Gjermundsen Broch, Jon Bleiklie Devik, Geir Kvarme m. fl.

**PREMIERE 20. MARS**

**SPELEPLAN:** Mars, april, mai og juni. Sjå detnorsketeatret.no for datoar

**BILLETTAR:** Ord. kr 575/540 | ungdomskort kr 100 | rabattar



«innsikt og tankegods» VG

«Granskende idéteater om menneskelighet og mening» DAGBLADET

«Svein Tindberg som Brand gjør nok en stor rolle» VÅRT LAND

# BRAND

Av Henrik Ibsen. Omsetjing: Edvard Hoem. Regi: Kjetil Bang-Hansen.

## SVEIN TINDBERG OG KJETIL BANG-HANSEN ARBEIDER SAMAN IGJEN

Så langt har samarbeidet mellom Tindberg og Bang-Hansen resultert i m.a. *Evangeliet etter Markus*, *Apostlenes gjerninger* og *Abrahams barn*, framsyningar som har skapt reine folkevandringar til teatersalane.

Det handlar framleis om gudstru, men denne gongen møter vi ei tru så sterk at ho blir til fanatisme. Trua på kjærleikens Gud krev så store offer at ho øydelegg livet.

Med: Svein Tindberg, Agnes Kittelsen, Mads Ousdal, m. fl.

**SPELEPLAN:** Mars og april. Sjå detnorsketeatret.no for datoar

**BILLETTAR:** Ord. kr 420/320 | ungdomskort kr 100 | rabattar



# SHOCK HEADED PETER

Av Julian Crouch
og Phelim McDermott
Originalmusikk: The Tiger Lillies
Omsetjing: Are Kalvø
Regi: Erik Ulfsby

**«EN FRYD FOR BÅDE ØYNE, ØRER OG VÅRE MØRKE SIDER»**
**VG**

**«GENIAL ONDSKAP FRA MONSTERGODT ENSEMBLE»**
**AFTENPOSTEN**



**«ROCKA HORRORSHOW»**
**DAGBLADET**

## SETT AV MEIR ENN 30 000!

Den bejubla musikalen er noko så uvanleg som ein barnemusikal for vaksne.

*Shockheaded Peter* overskrid musikalen som sjanger, og musikken er ein miks av sirkus og kabaret. I spissen for bandet står Espen Beranek Holm, og Vidar Magnussen losar oss gjennom villskapen i rolla som seremonimester.

**KOMIPRISEN 2014**

ÅRETS SCENEFORESTILLING

ÅRETS MANNLIGE SCENEKOMIKER: VIDAR MAGNUSSEN



**SPELEPLAN:** April og mai. Sjå detnorsketeatret.no for datoar

**BILLETTAR:** Ord. kr 450 | ungdomskort kr 100 | rabattar

# ABRAHAMS BARN

Av og med Svein Tindberg. Regi: Kjetil Bang-Hansen.

**«En drivende god forteller»** VG



## DET NORSKE TEATRET TAR OPP IGJEN *ABRAHAMS BARN*!

Meir enn nokon gong blir det i det offentlege ordskiftet mana til forsoning, forståing og auka kunnskap om ulike levesett, verdiar og religionar.

**SPELEPLAN:** Mai og juni. Sjå detnorsketeatret.no for datoar

**BILLETTAR:** Ord. kr 420 | ungdomskort kr 100 | rabattar

# BIKUBEKVELD

Kvar fredag kl. 22.30 inviterer vi til musikalsk kveld i Bikuben.

**6. MARS:**
**FULL CLASH – FRODE GRYTTEN BEATBAND**
Denne fredagskvelden får Clash-songane klinge fritt. Saman med Pedro Carmona-Alvarez og fullt band vil Grytten gå over songane på ny og vri dei i si retning.

**13. MARS:**
**YOUNG AT HEART 2.0**
Frikk Heide-Steen og The Evening Band syng Sinatra.

**27. MARS: BLÅGRASS-KVELD MED HAYDE**
Med: Rebekka Nilsson, Joakim Borgen, Ole Engrav, Magnus Eriksrud, Moa Meinich, Jonas Olsen, Sjur Marqvardsen.

**10. APRIL:**
**SONDHEIM-TRIBUTE**
*Wise guys* og *Girls of summer* syng songar av Stephen Sondheim. Med: Heidi Ruud Ellingsen, Liv-Ellen Kahrs, Geir Kvarme og Espen Bråten Kristoffersen.

**17. APRIL:**
**DEI HÅPLAUSE**
Operakveld m/Sigve Bøe m.fl.

**24. APRIL:**
**MONOLOGBONANZA**
I samarbeid med Norsk Skuespillersenter går Monologbonanza av stabelen for 5. gong. Velkommen til ein monolog-cabaret regissert av Hilde Brinchmann.

**8. MAI:**
**SUMMER IN THE CITY**
Songar med sommar i tittel eller tekst er temaet, og stemninga blir deretter! Med: Gjertrud Jynge, Heidi Gjermundsen Broch, Silya Nymoen, Unni Wilhelmsen, Niklas Gundersen, Håvard Bakke, Ida Holten Worsøe, Espen Leite, Kjell Rønningen, Mats Grønner og Hans Rønningen.

**Sjå detnorsketeatret.no for oppdatert program.**

**BILLETTAR: kr 100**



# I EINSEMDA PÅ BOMULLS MARKENE



Av Bernard-Marie Koltés. Regi: Tormod Carlsen.

# MAKTA LIGG I SPRÅKET

To menn, ein kjøpar og ein seljar, møter kvarandre på ein stad, i ei tid, der ein ikkje kan ta noko som helst for gitt. Så lenge dei snakkar, er språket våpenet deira. Ein ønskjer berre at samtalen skal halde fram, så ikkje andre og meir dødelege våpen skal erstatte orda.

Med: Lasse Kolsrud og Hallvard Holmen.

**«godt regissert og godt spilt»**

**«En intens seriemonolog, litterær og filosofisk i formen og latinsk i temperamentet»** SCENEKUNST.NO

**SPELEPLAN:** Mars og april. Sjå detnorsketeatret.no for speleplan

**BILLETTAR:** Ord. kr 330 | ungdomskort kr 100 | rabattar

**INNSIKT:** 11/3



# FUGLETRIBUNALET

Av Agnes Ravatn. Dramatisert av Ingrid Weme Nilsen. Regi: Marit Moum Aune.

## AGNES RAVATNS SUKSESSROMAN TIL SCENEN

Med *Fugletribunalet* vann Agnes Ravatn P2-lyttaranes romanpris i 2013 og fekk Ungdommens kritikarpris i 2014.

Ein psykologisk thriller om historikar og tv-kjendis Allis Hagtorn og hennar flukt frå ein pinleg kjærleiksskandale med påfølgjande offentleg skittentøyvask. Ein flukt, skal det vise seg, frå vondt til verre.

Med: Marie Blokhus, Niklas Gundersen, Marianne Krogh, Ingrid Jørgensen Dragland og Frode Winther.

**URPREMIERE 21. MARS**

**SPELEPLAN:** Mars. april, mai, juni og august. Sjå detnorsketeatret.no for datoar

**BILLETTAR:** Ord. kr 330 | ungdomskort kr 100 | rabattar



**«poetisk, politisk musikkfabel om viktigheten av å gå i takt med egen rytme»** DAGBLADET

# RYTMAR FRÅ VERDSROMMET

Av Carl Morten Amundsen og Peter Baden.
Produsert i samarbeid med Peter Baden Productions.

**«tankevekkende og sjarmerende teaterlek»**

**«en fryd fra begynnelse til slutt for alle tilskuere uansett alder»** KLASSEKAMPEN

## EI SPLITTER NY FAMILIEFRAMSYNING!

Heftige rytmar, utanomjordisk spenning og ei kul heltinne er ingrediensane i vårens astronomiske teateroppleving for barn og familiar. Passar frå 5 år.

Med: Heidi Ruud Ellingsen, Geir Kvarme, Ingrid Jørgensen Dragland, Randolf Walderhaug og Marius Næss.

**SPELEPLAN:** Mars, april og mai. Sjå detnorsketeatret.no for datoar

**BILLETTAR:** Ord. kr 220 | ungdomskort kr 100 | rabattar

**«Sterk Blokhus»**
DAGBLADET

**«en særdeles velkomponert og velflytende Hamlet-oppsetning»**
KLASSEKAMPEN

**«Regissør Peer Perez Øian har skapt en rik og moderne Hamlet»**
DAGSAVISEN



# HAMLET

Av William Shakespeare. Omsetjing: Edvard Hoem. Regi: Peer Perez Øian.

## VERDAS MEST KJENTE TEATERSTYKKE!

Kva er skodespel, og kva er sant? Kven er Hamlet? Er vi alle Hamlet?
Når den danske prinsen ikkje får lov til å sørgje over sin døde far, rasar alt rundt han.

Kvifor er vi i generasjon etter generasjon så fascinerte av dette skodespelet?
Kanskje fordi Hamlet femnar så mange grunnleggande og eksistensielle tema?

Med: Marie Blokhus, Mads Ousdal, Frank Kjosås, Ane Dahl Torp/Ingeborg R. Raustøl, m. fl.

**SPELEPLAN:** Mars, april, mai, juni og september. Sjå detnorsketeatret.no for datoar

**BILLETTAR:** Ord. kr 330 | ungdomskort kr 100 | rabattar

**INNSIKT:** 4/3, 14., 29/4, 29/5, 5. og 10/6.

# KALVØ

Av og med Are Kalvø. Regi: Erik Ulfsby.

## KVA NYTTAR DU TIMANE I LIVET DITT TIL?

**«en forestilling å få med seg»** VG

**«Are Kalvø er i sitt ess»** DAGSAVISEN

**SPELEPLAN:** Mars–juni.
Sjå detnorsketeatret.no for datoar

**BILLETTAR:** Ord. kr 390 | ungdomskort kr 100 | rabattar



# VI SOM FØLER ANNLEIS

Av Carl Johan Karlson, inspirert av Øivind Eckhoffs bok.
Regi: Carl Johan Karlson.

Korleis er det å komme ut av skapet i 2015? Og korleis var det for hundre år sidan? Bli med på jakt etter svar på den mannlege homofiliens gåter.

Med: Gard Skagestad, Paul-Ottar Haga, Ola G. Furuseth, Bernhard Ramstad og Ingunn B. Øyen.



**«En vittig, engasjerende og tankevekkende kommentar til homoseksualitet»**
KLASSEKAMPEN

**SPELEPLAN:** Mars og april. Sjå detnorsketeatret.no for datoar

**BILLETTAR:** Ord. kr 250 | ungdomskort kr 100 | rabattar

**INNSIKT:** 19/3

# BU BETRE

av Charlotte Munksø, Line Mørkeby og Trine Wisbech.
Omsetjing: Runa Kvalsund. Regi: Catrine Telle.

## INTERIØRHYSTERI

Heimen er slottet mitt, seier eit ordtak. Mykje tyder på at heimen din òg er sjela di. For å få sjelero investerer nordmenn årleg milliardar i oppussing, renovering og interiør. Det finst ikkje noko anna land i verda som har så høgt forbruk av interiørmagasin som vi i dette landet. Vi drøymer om hus. Vi drøymer om å slå ned veggar. Vi drøymer om det perfekte livet som møter oss på dei glansa magasinsidene og jagar etter å lage den perfekte heimen.

Med: Agnes Kittelsen, Espen Reboli Bjerke, Per Schaanning og Hilde Olausson.

## NOREGSPREMIERE 14. MARS

**SPELEPLAN:** Mars og april. Sjå detnorsketeatret.no for datoar

**BILLETTAR:** Ord. kr 250 | ungdomskort kr 100 | rabattar



«vår hellige, alminnelige elendighet, skildret med smerte og komikk»
AFTENPOSTEN

# LUCKY HAPPINESS GOLDEN EXPRESS

Av Noah Haidle. Regi: Jesper Berglund.

Familiesoga *Lucky Happiness Golden Express* fortel om korleis sjølve illusjonen om lykka er med på å gjere menneska ulykkelege.

**SPELEPLAN:** Siste gong 5. mars

**BILLETTAR:** Ord. kr 250 | ungdomskort kr 100 | rabattar

# DET MERKELEGE SOM HENDE MED HUNDEN DEN NATTA

Av Mark Haddon. Omsetjing: Jon Fosse. Regi: Trine Wiggen.

**«Dette er teater du bør få sett»** DAGBLADET

Mark Haddons bestseljar-roman frå 2003 er blitt til gripande teater, og er ei vakker historie om ein gut som er annleis, men med kjensler og draumar som alle andre.

Med: Frank Kjosås, Ingunn B. Øyen, Espen Reboli Bjerke, m. fl.



**SPELEPLAN:** Mars–juni, oktober–desember. Sjå detnorsketeatret.no for datoar

**BILLETTAR:** Ord. kr 250 | ungdomskort kr 100 | rabattar

# HAUGTUSSA

Av Arne Garborg. Omarbeidd av Ane Dahl Torp
Regi: Ane Dahl Torp og Erik Ulfsby



## INTENST OG LYRISK OM KJÆRLEIK OG LENGT

Ane Dahl Torp har klipt og limt i Arne Garborgs ***Haugtussa***. Ektemann og komponist Sjur Miljeteig har laga ny musikk til. Resultatet er eit musikalsk forteljarteater som flørtar med mørkret frå rockescenen.

**«Poetisk og rå»**
VG

**SPELEPLAN:** Mars, april og juni. Sjå detnorsketeatret.no for datoar

**BILLETTAR:** Ord. kr 250 | ungdomskort kr 100 | rabattar

# FRÅ LANDEVEGEN



Av og med Gjertrud Jynge.

Gjertrud Jynges tippoldefar, Jakob Walnum, var sokneprest og stiftar av Omstreifarmisjonen – ein sosial misjon som skulle «bringe hedningefolket taterne fra landeveien tilbake til de hjem de hadde forlatt».No ser Jynge på denne historia på nytt.

**URPREMIERE 17. APRIL**

**SPELEPLAN:** April og mai.Sjå detnorsketeatret.no for datoar

**BILLETTAR:** Ord. kr 250 | ungdomskort kr 100 | rabattar

# SKAFF DEG UNGDOMSKORTET!

Er du mellom 15 og 25 år, kan du med ungdomskortet
kjøpe billettar til kr 100 på alle scenane våre.

**Gratis medlemskap, gjeld ved kjøp på nett!**

For meir informasjon: detnorsketeatret.no

# INNSIKT

Introduksjonar, samtalar, møte, debattar,
for deg som er interessert i utdjuping i sesongens repertoar.

**Arrangementa går føre seg i Bikuben, er gratis og du treng ikkje billett.**

For program: detnorsketeatret.no

# PRAKTISK INFO

## GI EI TEATERGÅVE

Gi ei gåve ingen har frå før – ei teateroppleving! Kjøp gåvekort på **detnorsketeatret.no** eller i billettluka. Du bestemmer sjølv kva sum du ønskjer å gi og gåvekortet gjeld i to år frå det er utskrive.

## BILLETTBESTILLING

Kjøp billett på nett eller i billettluka:
**detnorsketeatret.no / 22 42 43 44**
Billettluka er open: mån. kl 11–17, tys.–fre. kl. 11–19.30, laur. kl. 11–17.30. Telefontid: mån.–fre. frå kl. 10–19, laur. frå kl. 11.
Ved nettkjøp kan du velje e-billett eller print@home og skrive ut billettane sjølv.

## FÅ TEATERINFO

Meld deg på nyheitsbrevet vårt!
**detnorsketeatret.no**
Som mottakar av nyheitsbrevet får du gode teatertilbod, nytt om repertoaret og informasjon om INNSIKT-program.

## BESØK OSS

Leitar du etter parkering når du skal i teatret? Næraste parkeringshus er Sentrum P-hus, innkøyring ved Munchs gate og Hammersborgtunnelen (Ring 1). Parkering for funksjonshemma vis-à-vis Nasjonalgalleriet i Universitetsgata.

# LØVE RESTAURANT OG BAR

**LØVE tilbyr ein rikhaldig lunsj- og middagsmeny.**

**Du kan også bestille forfriskingar til pausen i framsyningane. Kontakt personalet i LØVE når du kjem i teateret, så vil det stå klart i pausen.**

**Sjekk meny og opningstider på www.kafelove.no**
**For bestilling av bord: tlf. 22 47 39 70 eller post@kafelove.no**

LØ
VE

# PRAKTISK INFO

## DEL DINE OPPLEVINGAR HOS OSS

**Bruk emneknapp #detnorsketeatret på Instagram og Twitter**

DET NORSKE TEATRET

DETNORSKE OBOS MAKING WAVES